


SVEIO KOMMUNE

KONTROLLUTVALET SI ÅRSMELDING

2014



KONTROLLUTVALET
SVEIO KOMMUNE

INNLEIING

Kontrollutvalet si årsmelding er ei melding til kommunestyret om utvalet si verksemd og kva saker og oppgåver som er tatt opp drøfta og handsama i 2014.

I følgje kommunelova § 77 pkt. 6 skal ”***kontrollutvalget rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret***”.

1. OM KONTROLLUTVALET

Kontrollutvalet er eit lovpålagt organ som skal på vegne av kommunestyret syte for tilsynet med forvaltninga av kommunen (rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon) og selskap som kommunen eig (selskapskontroll). Utvalet skal også sjå til at revisjonen fungerer på ein trygg måte. Ordninga er heimla i kommunelova og forskrift om kontrollutval.

Kontrollutvalet er ikkje underlagt andre organ enn kommunestyret og rapporterer og innstiller til dette.

2. MEDLEMMENE I UTVALET

Det er kommunestyret sjølv som vel medlemmene til kontrollutvalet. Kontrollutvalet skal ha minst tre medlem, og etter § 77 nr 1 i kommunelova skal minst eit av utvalet sine medlemmer veljast blant representantane i kommunestyret. Tilsette i kommunen er utelukka frå val til kontrollutvalet.

For perioden 2011 - 2015 har Sveio kontrollutval følgjande medlemmer:

Faste medlemmer

Leiar	Håkon J. Skimmeland (A)
Nestleiar	Kirsti Henden Tveitaskog (Sp)
Medlem	Andreas Bårtvedt (H)
Medlem	Tor Røkenes (V)
Medlem	Oddbjørg Hovland (MDG/SV)

Pers. varamedlemmer:

Heidi Nilsen Njåen (A)
Lars Vierdal (Sp)
Kåre Ekrene (H)
Bjørnar Økland (MDG/SV)
Hildur Larsen (Kp)

Håkon J. Skimmeland er utvalet sin kommunestyrepreressant. Leiar og nestleiar i kontrollutvalet har møte- og talerett i kommunestyret når utvalet sine saker blir handsama.

Ordføraren har møte- og talerett i utvalet. Ho har til nå ikkje møtt i utvalet. Rådmannen har ikkje møterett, men kan bli invitert/kalla inn av utvalet. Han møtte sjølv fire gonger i fjor. Økonomisjef møtte to gonger og kommunalsjef skule har møtt ein gong.

Kontrollutvalet har eige reglement, vedtatt fyrste gong i 2012 og reglementet blei revidert i 2014.

Møta vert gjort kjent på kommunen sine nettsider og sekretariatet sine heimesider. På desse stadene vert også sakspapira og protokollar lagt ut.

3. AKTIVITETEN I KONTROLLUTVALET I 2014

Kontrollutvalet har i 2014 hatt 5 (5) møte fordelt på tre om våren og to på hausten. . Kontrollutvalet sine møte er opne for publikum og presse. Etter lovendring frå 01.07.13 gjeld det for alle kontrollutval, med unnatak av når det er heimel i lov å lukke.. Utvalet held sine møte i kommunestyresalen i Sveio Rådhus.

Utvalet har i 2014 hatt 32 (31) saker til handsaming der 5 av sakene er vidare sendt til handsaming i kommunestyret. 30 (29) saker er blitt lagt fram til orientering Samla oversyn over saker og orienteringssaker følgjer som vedlegg til årsmeldinga.

På kontrollutvalskonferansen i regi av Norges Kommunerevisorforbund 05.-6.02.14 deltok ingen frå Sveio. Heller ikkje på konferansen til Forum for kontroll og tilsyn i Haugesund 03.-4.06.14 eller dagskonferansen for kontrollutvala i Rogaland i Sandnes 20.11.14 deltok nokon frå Sveio.

4. KONTROLLUTVALET SINE HOVUDOPPGÅVER

Kontrollutvalet har oppgåver knytte til internt tilsyn og kontroll gjennom rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll.

4.1 REKNESKAPSREVISJON

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen sin årsrekneskap vert revidert på ein trygg måte. Kontrollutvalet skal også halde seg orientert om revisjonsarbeidet og sjå til at det går føre seg i samsvar med lov og føresegner, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalet sine instruksar.

Kontrollutvalet hadde i møte 29.04.14 kommunen sin årsrekneskap for 2013 til handsaming. Totalt sett blei rekneskapa for 2013 gjort opp med eit driftsoverskot på kr 1,5 mill. kr. Årsoppgjersbrevet blei sendt 08.05.14 og der var nokre forhold som utvalet ønskte tilbakemelding om.

Uttale til rekneskap for og Ryvarden Kulturfyr KF og Stien Eigedom KF blei godkjent i same møte. Kontrollutvalet hadde her ikkje merknader til rekneskapa.

Rådmannen sitt tilsvar av 19.08.14 blei lagt fram for kontrollutvalet i møte i september, og utvalet tok utgreinga på oppfølging av revisor sine merknader til orientering.

4.2 FORVALTNINGSREVISJON

I følge kommunelova skal kontrollutvalet sjå til at det årleg vert gjennomført forvaltningsrevisjon av den kommunale verksemda. Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden utarbeide ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Kommunestyret skal vedta planen.

Sveio kommune sin plan for 2012-2016 blei vedteken av kommunestyret i møte 22.10.12, sak 101/12. I planen er det tatt med sju prioriterte prosjekt, men utvalet er deefert mynde til å velje andre prosjekt.

Utvalet bestilte forvaltningsrevisjon om temaet «spesialpedagogiske tiltak» i januar etter at KPMG la fram framlegg til prosjektmandat i same møte. Ramma vart sett til 200 timar for prosjektet.

Delrapporten blei oversendt og presentert utvalet og administrasjon i møte i april og endelig rapport i september. Revisor hadde følgjande hovudbodskap og tilrådingar:

Kommunen sitt arbeid knytt til spesialpedagogiske tiltak er godt. Prosessar fylgjer regelverket i opplæringslova og det er klare indikasjonar på at arbeidet har positiv effekt.

Samstundes har vi peika på at brutto driftsutgifter for styrka tilbod til førskoleborn er relativt høgt. Dette bør sjåast i samanheng med kommunen si prioritering av tidleg innsats og spesialpedagogisk ressursteam. I tillegg bør det og sjåast i samanheng med at del elevar med spesialundervisning vert lågare dess høgare alderstrinn – noko som gjer at ein presumptivt "sparer" kostnader.

«Andel timer spesialundervisning av antall lærertimer totalt» i grunnskolen er rett i overkant av snittet i Kostragruppe 2.

Vi rår til at kommunen samlar alle med vedtakskompetanse knytt til spesialpedagogiske tiltak for ei felles erfaringsutveksling og gjennomgang av mellom anna:

- Avgjerslegrunnlag for vedtak.
- Samarbeidet med PPT.
- Kor vidt timar/ ressursar brukt til spesialpedagogiske tiltak bør dokumenterast meir detaljert,
- Grunnlag for ytterligare samarbeid på tvers av skulane ved gjennomføring av spesialpedagogiske tiltak – vert ressursane nytta best mogleg pr. i dag.

Rapporten vart lagt fram for kommunestyret i november i møte 03.11.14, sak 73/14 og rådmannen har fått eit halvt år på seg til å gje tilbakemelding om oppfølginga av rapporten.

I kommunestyrevedtak om rapport om budsjett- og økonomistyring innan pleie- og omsorgseininga frå hausten 2013, blei det også sett 6 månader til tilbakemelding. Kommunalsjef helse og omsorg gav i mai tilbakemelding til kontrollutvalet sitt junimøte om kva tiltak som var sett i verk. Saka ble lagt fram for kommunestyret i september.

4.3 SELSKAPSKONTROLL

I følgje kommunelova er kontrollutvalet pålagt og sjå til at det vert ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap m.m. Kontrollutvalet skal også her utarbeida ein plan for gjennomføring av selskapskontroll. Planen for 2012-2016 og retningslinjene for slik kontroll blei vedtatt av kommunestyret i møte 22.10.12, sak 100/12.

I same møte blei rapport etter selskapskontroll av SIM IKS handsama. I vedtaket bad kommunestyret rådmannen følgje opp ein del punkter som var retta mot kommunen, som oppfølging av eigarskapsmelding , nye ruiner osv. I denne saka var den frist som kontrollutvalet hadde sett, felle burt, så utvalet etterlyste tilbakemelding i januar 2014. Til april møtet kom rådmannen med tilbakemelding til kvart av punkta om kva som var gjort. Saka vart lagt fram for kommunestyret i mai.

Kontrollutvalet vedtok i 2014 å delta i selskapskontroll av Haugaland Kraft AS og Haugaland Næringspark AS i lag med dei andre eigarkommunane. Det er revisjonsfirma Deloitte As som har gjennomført prosjektet, og rapport etter gjennomført kontroll er venta å bli oversendt i slutten av februar.

4.4 TILSYN MED REVISOR

Tilsyn med revisjonen blir gjennomført ved gjennomgang av revisjonens planer og rapporter. Utvalet innhentar kvart år uavhengighetserklæring frå ansvarleg revisor.

Kontrollutvalet gjennomførte i 2012 ein anbuds konkurranse om revisjonstenesta. KPMG AS vant konkurransen og det blei inngått avtale for perioden 2012-2015 med opsjon for kommunen til å forlengje avtalen med 1 år. Kontrollutvalet behandla sak om bruk opsjon i haust og kommunestyret slutta seg til utvalet si innstilling i møte 03.11.14, sak 74/14. KPMG AS vil då vere kommunen sitt revisjonsfirma fram til 30.06.16.l

Oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor er Willy Hauge med kontor på Stord. Forvaltningsrevisorane har kontor i Bergen.

Revisor har møte- og talerett i utvalet sine møte, og KPMG har møtt på alle møta i 2014. Det er presentert revisjonsplan og lagt fram mandat og rapport frå forvaltningsrevisjonsarbeidet.

4.5 TILSYN MED FORVALTNINGA

Kontrollutvalet blei i mars bede av eit kommunestyremedlem om å kontrollere om valet, gjort av kommunestyret, var gjort på lovleg vis. Klage etter kommunelova § 59 (lovlegheitskontroll) skal sendast fylkesmannen, men krev at tre eller fleire medlemmer set fram kravet om det i møtet. I følge rundskriv kan kontrollutvalet uttale seg dersom kommunestyret har gjort eller er i ferd med å gjere eit vedtak som vil vere ulovleg.

Utvalet kunne ikkje sjå at det gjort nokon feil eller skjedd noko ulovleg. Valet var gjort som avtaleval, slik det etter lovendring i 1992, er opna for å tillate, i motsetnad til forholdsvalet.

I november møtte rådmann og orienterte om framlegg til budsjett 2015 og økonomiplan. Utvalet er og blitt orientert om statlege tilsyn, tertialrapportar, budsjettvedtak, KOSTRA-tall osv.

5 BUDSJETT/REKNESKAP FOR TILSYN OG KONTROLL

ANSVARsområde 10010	REGNSKAP 2014	BUDSJETT 2014	REGNSKAP 2013
REVISJON OG KONTROLLUTVAL			
Godtgjersle, kurs, m.m	24 599	52 000	37 849
Revisjonstenester (avt m/private)	299 886	358 000	309 977
Sekretariatstenester ((IKS)	147 000	150 000	141 000
Sum utgifter	443.488	560 000	488.826

Kontrollutvalet handsama hausten 2014 framlegg til budsjett for internt tilsyn og kontroll for 2015. Framlegg til budsjett var på kr 572.000 eks mva. Timetalet til forvaltningsrevisjon og selskapskontroll ligg på eit minimum.

6. SEKRETARIATET FOR KONTROLLUTVALET

Kommunane er pålagt å ha eit kontrollutvalssekretariat som er uavhengig, dvs. ikkje knytte opp mot rådmann eller revisjon. Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS kom i drift frå 2005 og har no vore i verksemd i 10 år.

Selskapet er eid av 10 kommunar og oppgåvene blir ivaretatt av to tilsette. Sekretariatet har, i tillegg til kontakt og samarbeid med utvala, administrasjon og politisk leiing, samarbeid med fire revisjonsselskap (Deloitte, KPMG, BDO og Rogaland Revisjon), andre interkommunale selskap i regionen og sekretariata i Rogaland, Hordaland og Agder.

Selskapet har i 2014 vedtatt ny styreinstruks, etiske retningslinjer og overordna strategiplan for perioden 2014-2018.


Fast utvalgssekretær har vore dagleg leiar Toril Hallsjø. Sekretariatet har egne heimesider, www.kontrollutvalgene.no, kor mellom anna alle sakskart, protokollar og rapportar blir lagd ut fortløpande.

Frå Sveio kommune er Håkon J. Skimmeland vald til representantskapet i IKSet med Oddbjørg Hovland som varamedlem. Skimmeland møtte på møtet 28.04.14.

7. OPPSUMMERING

Aktiviteten i 2014 har vore som planlagt. Det har vore utarbeidd og lagt fram ein rapport og administrasjonen har gjort greie for aktuelle saker som utvalet har bede om undervegs gjennom året. Ved sekretariatet har det vore eit normalår.

Sveio, den 10.02.15
Kontrollutvalet i Sveio



Håkon J. Skimmeland (A)
(sign.)leiar

Kristi Henden Tveitaskog (Sp)
(sign.)

Tor Røkenes (V)
(sign.)



Andreas Bårtvedt (H)
(sign.)



Oddbjørg Hovland (MVGSV)
(sign.)



OVERSYN – SVEIO KONTROLLUTVAL 2014**Saker til behandling:**

- 1/14 Godkjenning av protokoll frå møte 19.11.13
- 2/14 Referat- og orienteringssaker 28.01.14
- 3/14 Utkast til prosjektmandat for forvaltningsrevisjon 2014 – spesialundervisning
- 4/14 Kontrollutvalet si årsmelding 2013

- 5/14 Godkjenning av protokoll frå møte 28.01.14
- 6/14 Referat- og orienteringssaker 29.04.14
- 7/14 Delrapportering – forvaltningsrevisjonsprosjekt – spesialpedagogiske tiltak
- 8/14 Sveio kommune – uttale til årsrekneskapen for 2013
- 9/14 Ryvarden Kulturfyr KF – rekneskap og årsmelding 2013
- 10/14 Sveio Bufellesskap KF – rekneskap 2013 m/noter
- 11/14 Oppfølging etter selskapskontroll i SIM IKS
- 12/14 Førespurnad om kontroll av kommunestyrevedtak

- 13/14 Godkjenning av protokoll frå møte 29.04.14
- 14/14 Referat- og orienteringssaker 17.06.14
- 15/14 Oppfølging av forvaltningsrevisjon – budsjett- og økonomistyring – pleie/omsorg
- 16/14 Oppfølging av årsoppgjersbrev for rekneskapsåret 2013
- 17/14 Tertialrapport og revidert budsjett 2014 og økonomiplan 2015-18

- 18/14 Godkjenning av protokoll frå møte 11.06.14
- 19/14 Referat- og orienteringssaker 23.09.14
- 20/14 Revisor si egenerklæring 2014
- 21/14 Oppfølging av revisors merknader til rekneskapen 2013
- 22/14 Budsjett for 2015 - kontroll og tilsyn 2014 – utvalet sitt framlegg
- 23/14 Revisjonsavtalen – bruk av opsjon til 30.06.16
- 24/14 Reglementet for kontrollutvalet – endring av kap. 8 om høyring

- 27/14 Godkjenning av protokoll frå møte 23.09.14
- 28/14 Referatsaker 25.11.14
- 29/14 Revisjonsplan for rekneskapsåret 2014
- 30/14 Sveio kommunes budsjett 2015 og økonomiplan 2015-18 - rådmannen sitt framlegg
- 31/14 Val av forvaltningsrevisjonsprosjekt for levering i 2015
- 32/14 Møteplan for 2015

Saker til orientering

1. Kom.styrevedtak 16.12.13, sak 85 – Forvaltn. rapport – budsjett- og økon.styring
2. Kom.styrevedtak 16.12.13, sak 98 - Økonomiplan 2014 -2017
3. Budsjett 2014 – ansvarsområde 1010 – kontroll og tilsyn
4. Årsrapport for 2013 - skatteoppkrevjaren i Sveio kommune
5. Skatterekneskapen 2013
6. Statusoversikt januar 2014
7. Revidert møteplan 2014 for Sveio kommune
8. Kontrollrapport 2013 vedk. skatteoppkrevjarfunksjonen for Sveio kommune
9. Frå Årsrapport 2013 pkt. 3.1 om innfordring og restansar og andre kommunar
10. Skriftleg tilbakemelding vedk. merknader til revisor sitt årsoppgjersbrev for 2012
11. Representantskapsmøte 25.04.14 kl. 09.30 - SIM IKS
12. Representantskapsmøte 28.04.14 kl. 18.00 - Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
13. FKT-konferanse 3.- 4. juni i Haugesund (www.fkt.no)
14. Statusoversikt april 2014
15. Protokoll - representantskapsmøte 25.04.14 – Haugaland Vekst IKS
16. Møte i hamnerådet 28.05.14 – Karmsund Havnevesen IKS
17. Generalforsamling 17.06.14 - Haugalandspakken AS
18. Fagkonferansen i kontroll og tilsyn 3.- 4. juni i Haugesund (www.fkt.no)
19. Statusoversikt juni 2014
20. Gebyrvedtak frå klagenemnda for offentlige anskaffelser – KST- sak 44/14
21. Forenklingsutvalet sitt framlegg til nye innkjøpsregler ut på høyring
22. Statusoversikt september 2014
23. Protokoll – representantskapsmøte 28.05.14 – Krisesenter Vest IKS
24. KS sitt brev 05.08.14 om det vidare arbeidet med ein kommunereform
25. Statusoversikt november 2014
26. Komm. styrevedtak 03.11.14, sak 72/14 – Reglementet for Sveio kontrollutval
27. Komm. styrevedtak 03.11.14, sak 73/14 – Forvaltningsrev. rapport – spes.ped. tiltak
28. Komm. styrevedtak 03.11.14, sak 74/14 – Revisjonsavtalen – bruk av opsjon
29. TBU: 1,75 prosent – artikkel frå Kommunal Rapport 17.11.14
30. Oppsummering frå konferansen til Forum for kontrollutval i Rogaland